



LEIGEAVTALE

mellom

Vitensenteret i Sogn og Fjordane AS (leigar)

og

Sogn og Fjordane fylkeskommune (utleigar)

1. Føremål/bakgrunn

Sogn og Fjordane fylkeskommune (org nr 941 388 841) leiger ut lokale til Vitensenteret Sogn og Fjordane AS (org nr 920 643 515) i Sogndal vidaregåande skule, avd. Kaupanger, gnr/bnr 105/81 og 105/252 i Sogndal kommune. Adresse for leigearealet er Skarpeteigvegen 2, 6854 Kaupanger.

Totalt utgjer leigearealet **1878 m²**

2. Bruk / leigetakers verksemd

Areala skal nyttast til formidlings-/vitensenter. Delar av areala kan framleigast andre aktørar med same føremål.

Leigar pliktar å bruke arealet med tilbørleg aktsemd. Leigar pliktar å fylgje skulen sine rutinar for teknisk drift av eigedommen og fylgje skulen sine rutinar for brann/brannvern.

3. Tiltak/endingar

Eventuelle bygningsmessige endingar leigar ynskjer i leigeperioden skal godkjennast av utleigar, og utførast for leigar sin kostnad, dersom ikkje anna blir avtalt.

Leigar må sjølv ta kostnaden med ev ending i opplegg for tele/data, inventar og utstyr, samt utvendig og innvendig skilting.

4. Leige og regulering

Leige blir betalt med **kr 1432,-** pr. m² /år, eks. mva.

Inkludert i leiga er kommunale avgifter, varme og ventilasjon frå fellesanlegg. Leigar opprettar eige straumabonnement for lokala, straum i fellesareal er inkludert i leiga.

Leiga blir betalt forskotsvis pr. 1 mnd. frå 1. januar etter rekning frå utleigar. Leiga vert justert årleg i samsvar med SSB sin gjeldane Konsumprisindeks – første gong pr 01.01.2021 med basis januar 2018.

5. Vedlikehald og reinhald

Utleigar har ordinært vedlikehaldsansvar for heile bygget. Leigetakar har ansvar for innvendig vedlikehald og alt vedlikehald i fbm installasjonar og utstillingar i senteret. Partane sitt vedlikehaldsansvar følgjer elles reglane i Husleigelova.

Dagleg reinhald er ikkje inklusiv i leiga og skal utførast av leigar ev. etter avtale med utleigar. Reinhald av fellesareal vert utført av Sogndal vgs. på skuledagar, behov utover dette må utførast av leigetakar ev. etter avtale med utleigar.

6. Forsikring / erstatning

Kvar av partane er ansvarlege for å halde sine eigendelar/interesser forsikra. Utleigar held bygget/eigedommen forsikra og leigar syter for forsikring av sitt inventar og utstyr, utstillingar, osv.

Vert bygget øydelagt av brann eller anna hendeleg uhell, seier utleigar seg fri frå alle rettar og plikter etter denne avtale.

Leigar er ansvarleg for all skade eller manglar som skuldast han sjølv, folk i hans teneste, kundar/besøkjande, leverandørar og/eller andre personar som leigar har gjeve tilgang til bygget.

7. Avtaleperiode

Denne leigeavtalen er tidsavgrensa og gjeld frå Leigeperioden er på 15 år. Leigar har opsjon på lenging av leigeavtalen med 5 år til same vilkår.

8. Fråflytting

Leigar skal ved fråflytting levere tilbake arealet rydda, reingjort og forøvrig slik det var ved oppstart av leigeperioden. Utleigar godtar normal slitasje og elde i leigeperioden.

9. Andre tilhøve

- a. For tilhøve som ikkje er nemnde i denne avtalen, gjeld Husleigelova for begge partar.
- b. Leigar har opsjon på forlenging av avtalen i ein periode (5 år). Dersom leigar ynskjer å nytte opsjonen skal utleigar varslast min. 6 mnd før avtalt leigeperiode går ut.

10. Atterhald.

Avtale føreset at alle naudsynte løyve og godkjenningar frå Arbeidstilsynet og andre offentlege organ ligge føre, før ein tek areala i bruk.

Sogndal / Leikanger 2019

leigar

utleigar

Vedlegg til avtalen:

- Teikningar leigeareal
- Brukaravtale med Vitensenteret i Sogn og Fjordane AS